



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Ålhytta AS
Ylivegen 16
3570 Ål

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/6365

Arkiv:

26/312, L42

Vår dato:

10.06.2026

Saksnr.	Utval
170/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
155/26	Kommunestyret

26/312 - Tillatelse til tiltak - Oppføring av fritidsbustad

Tiltak: Oppføring av fritidsbustad

Byggjestad: Gbnr: 26/312

Tiltakshavar: Ålhytta AS
Ylivegen 16
3570 Ål

Ansvarleg søkjar: Ålhytta AS
Ylivegen 16
3570 Ål

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven §20-3, jf. §20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/leiar næring, plan og byggesak, oppføring av fritidsbustad på gnr. 26, bnr. 312, Bustebakkmoen 50, i samband med søknad og vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Alt avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent mottak. Det er ikkje lov å brenne avfall på eigedomen.
2. Tilkopling til kommunalt VA-nett skal ikkje utførast før det ligg føre godkjent vedtak. Dette skjer gjennom eigen søknad og behandling gjennom kommunen si digitale løysing (Gemini), og kan berre utførast av godkjent føretak.
3. Fritidsbustadens bruksareal (BRA) vert lagt til grunn for tilkoplingsavgift.
4. Tiltaket kan ikkje setjast i gang før nabofristen har gått ut, og om det ikkje er komen inn merknadar til denne. Kjem det inn nabomerknadar innan fristen har gått ut, skal desse bli vurdert av kommunen før tiltaket kan bli sett i gang.
5. Det vil ikkje bli gitt mellombels bruksløyve, eller ferdigattest, før det ligg føre godkjent ferdigmelding på VA-tilkopling.

Sentralbord:
61 35 25 00

Dir. telefon:
47661108

Org.nr:
961382068

E-mail:
Tore.rogne@oystre-
slidre.kommune.no

Heimeside:
www.oystre-slidre.kommune.no

Saksopplysningar

Ålhytta sendte 09.06.2026 inn søknad om oppføring av fritidsbustad på gnr. 26, bnr. 312, Bustebakkmoen 50.

Eigedomen er regulert til *fritidsbebyggelse* og styrt av føringane i reguleringsplanen *Reguleringsplan for Robølshøvda del 1*, vedteke i formannskapet 04.07.2019.

Eigedomen er digitalt oppmålt og har eit areal på 1335,4m².

Søknaden syner ein fritidsbustad i normal form med saltak og utstikk. Mønehøgde er 4 meter, og gesimshøgde 3,55 meter. Fritidsbustaden er tekt med tretak, med takvinkel oppgitt til å vere 27°. Situasjonsskartet syner plass til biloppstilling til to bilar utomhus på eigedomen.

Fritidsbustaden er opplyst å ha eit bebygd areal (BYA) på 66,5m² og eit bruksareal (BRA) på 59,1m².

Tiltaket er nabovarsla, og kvitteringa for utsendt varsel er datert: 05.06.2026.

Søknaden har vedlagte erklæringar om ansvarsrett for dei forskjellige oppgåvene og det fylgjer ved gjennomføringsplan.

Det er opplyst at tiltaket skal koplast til kommunalt VA-nett, og takvatn/overvatn skal førast ut i terrenget. Tiltaket gir ny åtkomst til eigedomen frå opparbeida veg i feltet.

Det er føreteke DOK-analyse av eigedomen, utan treff av betyding.

Vurdering

Tiltaket er i tiltaksklasse 1, risikoklasse 4, og brannklasse 1.

Planen for området tillèt utnytting opp til 15%. Arealregnskapet for eigedomen syner:

Maksimalt byggeareal iht. Plan:	200,25m ²
Areal ny bebyggelse:	66,5m ²
<u>Biloppstillingsareal:</u>	<u>36m²</u>
Sum areal:	102,5m ²

Dette gir ei grad av utnytting på 7,68%, og er innanfor tillate utnytting på eigedomen.

Byggestilen for hytta er vurdert som normal for området og er vurdert til vere i tråd med føringane i reguleringsplanen. Omsøkt fritidsbustad har trekledning, saltak og normale takutstikk. Tretak er taktekking godkjent i plan.



Figur 1 26/312 Situasjonsskart

Tiltaket er nabovarsla, men fristen for tilbakemelding er ikkje gått ut enno. Då tiltaket er i tråd med føresegna i plan, er saka vurdert som kurrant, men vi set som vilkår at det ikkje kan startast opp arbeid på eigedomen før denne fristen, minst 14 dagar frå utsendt varsel, er ute. Skulle det kome inn merknadar frå naboar innan fristen skal kommunen ta desse til vurdering og avklaring før arbeid kan starte.

Arbeid med tilkopling til kommunalt VA-nett kan ikkje utførast før dette er godkjent gjennom eigen handsaming og godkjenning. Dette skjer ved søknad til kommunens digitale portal (Gemini) og skal gjennomførast av godkjent føretak for slik type arbeid. Bruksarealet på 59,1m² vert berekningsgrunnlag for tilkoplingsavgifta.

Elles synes saka i tråd med plan og er kurrant. Kommunen har ingen ytterlegare kommentarar til saka.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Datert	Tiltakskl	Journaldato
Ålhytta AS 917939527	SØK Heile tiltaket PRO Ansvar iht. søknad UTF Ansvar iht. søknad	05.06.2026	1	09.06.2026
I Lie & Sønner AS 945786728	PRO Ansvar iht. søknad UTF Ansvar iht. søknad	05.06.2026	1	09.06.2026
RF Bygg & Mur AS 927089815	PRO Ansvar iht. søknad UTF Ansvar iht. søknad	08.06.2026	1	09.06.2026

Rudi Knut Jørgen 969492091	UTF Ansvar iht. søknad	08.06.2026	1	09.06.2026
---	------------------------	------------	----------	------------

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar datert 08.06.2026 med journaldato 09.06.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekket med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
5. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne

Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Mottakar
Ålhytta AS

Ylivegen 16

3570

Ål